



BORE KYRKJE
SETT - FAMNA - UTFORDRA

Protokoll frå møte i Bore sokneråd Tysdag 6. november 2018

Møtestad: Bore kyrkjekontor

Frå saksnummer: 40/18

Til saksnummer 48/18

Av soknerådet sine medlemmar/ varamedlemmar møtte:

Nicolai Homme (leiar)

Arvid Kaspersen (nestleiar)

Kjersti M. Berge

Jens Kåre Stokka

Hans Voll

Dagfinn Steinnes (varamedlem)

Borghild Friestad (varamedlem)

Ivan Fjeld, sokneprest

Andre:

Dan-Egil Skrikrud og Arne Tveranger fram til sak 42/18 og Elin Anita Garpestad, dagleg leiar

Meldt forfall:

Marit Høie

**Me stadfestar med underskriftene våre at det som er ført i
protokollen er i samsvar med det som vart vedteke på møte.**

**Me starta soknerådsmøtet med å nytte god tid til
mat, opning og bøn.**

Innkalling til møte i Bore sokneråd 6. november vart godkjend.

Protokoll frå møte i Bore Sokneråd 2. oktober vart godkjend.

SAK 40/18**Samtale om arbeidet**

Forbønstenesta bør utvidast og bestå av 4-6 personar. Fleire er blitt spurt og 3 har til nå svart positivt. Nokre er i tenkeboksen og andre skal bli utfordra. Alle som blir med i denne tenesta, blir samla på nyåret for drøfting av tenesta og informasjon om kva dette inneber. Desse og andre interesserte bør få opplæring/undervisning på området.

Drøfting

Forslag til vedtak Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet.

Vedtak Det er bra at forbønstenesta er utvida i talet og soknerådet gir sin tilslutning til at arbeidsoppgåvene for denne tenesta, kan utvidast.

SAK 41/18**Lyd- og bilete i Bore****Drøfting**

Det tekniske anlegget for lyd og bilete i Bore kyrkje er avansert. Sokneråd og stab har ikkje tilstrekkeleg kompetanse til å handtera utfordringar og vurdera løysingar for endringar av anlegget. Det er derfor svært flott at me har frivillige i menigheten som både er villige og har kompetanse/interesse for å ivareta denne tenesta. Dan-Egil og Arne var invitert til å vurdera statusen på lyd/bilete pr. i dag og også å gje sitt syn på kva som kan gjerast i framtida for å få betre kvalitet på bruken av anlegget.

Situasjonen for bilete: Når det er fullt i kyrkja, kan ein ha overføring av livebilete frå kyrkja til kyrkjestova og kyrkjeloftet. Eit adapter til denne overføringa av bilete vart øydelagt ved lynnedslag. Dette gjer at ein må velja enten kyrkjestova eller kyrkjeloftet. Ein kanal på lyd er også øydelagt.

Kva er mogleg framover: I forbindelse med lynnedslaget kjem spørsmålet om me skal reparera det gamle, eller sjå på nye og utvida løysingar. Ein kan til dømes tenkja seg to stk projektorar, to lerret, ein skjerm i kor, ein skjerm for kantor, ein skjerm for forsangarar og på sikt også skjermar under alter. Overføring til kyrkjestova ved fiberkabel. No er det problem med støy, grunna avstand. Ein kan få tak i betre videokamera, eit ekstra som kan styrast og zooma på prest, solist, galleri osb. Det er òg ønskeleg med ei matrise som viser bruk – delt bilete og lyd. Kunne vore interessant for å motivera og involvera

yngre frivillige til dette området. Powerpoint kan òg tenkjast sendt frå prest og brukt av brukarar med nettbrett. (Prest treng då ikkje skriva ut i papir til brukarar). Tv-produksjon for streaming kan bli aktuelt på sikt.

Situasjonen for lyd: me har fleire utslitte mikrofonar/myggar. Mixepult er ok til dagens bruk og kan i tillegg byggjast ut. Trommevegg er på plass. Delt kostnad mellom soknet og Håp. Håp kjøpte også in-earsystem.

Kva er mogleg framover? Det finst mykje brukt utstyr som kan kjøpast for å auka kapasiteten til 64 kanalar – me har 32 i dag. Autosystemet skal fungera utan lydmann og ligg fast. Håp brukar 12 mic + mic`ar til instrument – då er kanalane brukt opp. Det trengs ein ny multikabel og nytt kort i mixen – kostnad 15-20 000,- frå PAP. Ny mixepult kjem på ca. 100-150 000,-.

Det trengs fleire myggar og ein kan få kjøpt «gamle» myggar til vårt system. Me har to handhaldte micar som har same system som myggane og me kan løysa auken ved eigen sendar. Leseputmic må på plass, enten ved ny eller reparasjon.

Pianoet bør få hjul for å skåna underlaget. Det vil bli laga eit nytt scenegolv som kan skjule kablar. Dette er også bra for trommesett og piano. Arbeidet kan løysast innad i menigheten.

Det må utarbeidast eit prisoverslag med prioritert liste over det som **må** på plass og deretter det som **kan vera kjekt**. Ein må tenkja langsiktig. Fiber må leggjast – kanskje til kyrkjestova først, så til kyrkja. Mellom anna Klepp breiband legg fiber. Dette kan erstatta koparkablar som ligg pr. i dag. Så trengs det ny pc og program som viser framføringar på ein betre måte.

Forslag til vedtak

Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet.

Vedtak

Soknerådet meiner det er viktig at me har god kvalitet på lyd- og bileteutstyr og er positive til å utbetra lyd og biletetilhøva i Bore. Arne og Dan-Egil legg fram eit overslag og diverse løysingspakkar til neste sokneråd. Inntil då blir ny mic til leseput bestilt (dersom gamal ikkje kan reparerast), bileteoverføring til kyrkjestova ordna og det blir gjort eit initiativ for å sjå på leggjing av fiberkabel. Mixepult må byggjast ut. Dan-Egil kjøper inn.

SAK 42/18

Val av nominasjonskomitè

Drøfting

Forslag til vedtak

Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet.

Vedtak Dei som stiller plassane sine til disposisjon, blir kalla inn av soknerådsleiar til nominasjonsmøte før jul.

SAK 43 /18 Evaluering weekend Tonstadli

Drøfting God oppslutnad på årets weekend. Folk var veldig nøgde. Viktig at dei eldste deltok og velsigna dei yngre. Håpar me får plass til neste år på Tonstadli. Bra program og komitèarbeid.

Forslag til vedtak Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet

Vedtak Soknerådet ønskjer ny weekend på Tonstadli til neste år.

SAK 44/18 Plassbehov i Bore menighet

Drøfting Behovet er stort, økonomien er utfordringa.

Forslag til vedtak Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet.

Vedtak Framdrifta for nytt bygg må fundamenterast i menigheten. Soknet må kallast saman til generasjonsmøte og be om at Gud viser oss kva som kan gjerast. Første G-2 gudsteneste, 20. januar er eit mogleg tidspunkt for dette møtet og soknerådet planlegg vidare på neste soknerådsmøte 11. desember.

SAK 45/18 Prosten kjem på besøk

Drøfting

Forslag til vedtak Prosten blir invitert til møte i soknet 29. januar.

Vedtak Prosten blir invitert til møte i soknet 29. januar.

SAK 46/18 Informasjonsmøte høyring ny kyrkjeordning

Drøfting

Forslag til vedtak Bore sokneråd deltek på informasjonsmøtet i Grødem kyrkje. Dagleg leiar melder på dei som har høve.

Vedtak Leiar av soknerådet blir påmeldt i lag med dagleg leiar.

SAK 47/18 Offertildeling våren 2019

Drøfting

Forslag til vedtak	Offertildeling våren 2019 vert godkjent.
Vedtak	Offertildeling våren 2019 vert godkjent.

SAK 48/18 ORIENTERINGSSAKER

Drøfting Orienteringssakene blei lagt fram. I tillegg vart det orientert om nye rutiner ved varsling. Denne er uklar på enkelte punkt og blir sendt til fellesrådet for korrigering.

Forslag til vedtak

Vedtak Soknerådet tar saka til orientering, men varslingsrutinene blir returnert fellesrådet for korrigering.

Eventuelt

Personvernerklæring, vedteken i KKF 31. oktober, vart lagt fram for soknerådet. Soknerådet utset vedtaket og returnerer erkæringa til fellesrådet for presisering av enkelte punkt.

Jærgårds: Bore sokneråd vedtok å gi eit offer til hausten, dersom det vert eit underskot på arrangementet. Vidare ønskjer soknerådet at det blir eit fellesarrangement med fleire menigheter. Leiar tek kontakt med leiinga i Jærgårds